


Jolster kommune.



REGULERINGSPLAN VIKEN 2 - REGULERINGSFØRESEGNER.

§ 1. Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense. Innanfor dette området skal alle bygninger plasserast i slik minimumsfråstand frå veg som dei inntekna byggefråstandar viser.

§ 2 Område for bustadbygg.

a) Innanfor det regulerte området kan det oppførast bustadhus i ei høgd, event. med innreia bustadrom på loft og med tilhøyrande garasje. I samsvar med byggeforskriftene, kan bygningsrådet samtykkje i at hus i ei høgd vert innreia med bustadrom i underetasje, dersom terrenget, etter bygningsrådet sitt skjøn, høver for slik utnytting.

b) Den samla utnyttingsgrad av tomta må ikkje overstige 0,18 for einebustadar.

c) Hus i ei høgd kan oppførast med gesimshøgd inntil 4,5 m og hus med innreia sokkeletasje, må ikkje få gesimshøgd over 7 m.

d) Innan det regulerte området kan einskilde rom utnyttast til lager eller verksemder når det ikkje er til ulempe for grannar, og etter godkjennning av bygningsrådet.

§ 3 Garasjar og biloppstillingsplassar i bustadområde.

a. I område for frittliggende småhus skal det setjast av plass for garasje og opparbeidast oppstilling av min. 1 bil for kvart husvære. Garasje bør til vanleg plasserast i eller som tilbygg til bustadhuset, men det kan også godkjennast at garasje vert oppført som frittliggende bygning når tilhøva ligg betre til rettes for ei slik løysing. Frittliggende garasje bør ikkje oppførast i meir enn ei høgd og over 50 m² grunnflate, og kan i samsvar med byggeforskriftene oppførast i grannegrense.

Garasje skal tilpassast bustadhuset når det gjeld utforming, materialval og farge.

§ 4 Område for industri.

a) Området kan nytlast til verksemder for service- småindustri og lagerformål. Arealet kan delast opp etter einskilde verksemder sin trøng, etter grenser som for kvart einskildt tilfelle skal godkjennast av bygningsrådet. Verksemder må ikkje verke generande på kringliggende bustadfelt med støy, støv, lukt eller anna forureining.

b) Bygningar skal oppførast av branngrygge materialar og med gesimshøgde inntil 9 m. Bygningane skal ha tilfredstillande utstyrte fasader til alle sider. Utvendig lagring skal ordnast slik at den ikkje vert skjemmande, event. skjermast med murar eller anna innhegning.

Innhegning og gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.

c) Minst 1/3 av tomta skal vere ubygde og holdast fri for skur og lager. Kvar verksemde skal på eigen grunn syle for areal til trafikk og parkering.

Det skal vere minst 1 parkeringsplass for kvar 50 m² golvflate.

d) Innanfor siktrekant for krysset med rv. Skei - Fjærland, skal det ikkje plasserast gjengstandar som stikk meir enn 0,8 m over vegbana. Frå industriområdet skal det ikkje forstå overflatelevatn til Vikaelva.

§ 5. Jordbruksføremål.

På arealet kan det ikke oppførast andre bygninger enn dei som har direkte tilknytning til den einskildeværingsverksemد.

§ 6. Friareal.

På arealet kan bygningsrådet samtykke i oppføring av bygninger som har direkte tilknytning til utnytting av areal som friareal.

§ 7 Fåreområde.

På arealet må det ikke oppførast bygninger eller anlegg som reduserar tryggleiken mot ras.

§ 8. Spesialområde.

Anlegg til sikring mot rasfare må vere tilgjengeleg for vedlikehald, og bygninger og anlegg må plasserast i slik fråstand at dette vert mogeleg.

§ 9. Sams føresegner.

- a) Når bygningsrådet håndtar søker om byggeløyve, skal rådet sjå til at busetnaden får ei god og harmonisk form når det gjeld materialbruk og utforming av bygningar.

Bygningsrådet skal godkjenne gjerde.

- b) Det kan ikke byggast på noko tomt før bygningsrådet har godkjent tomteindelinga i området. Før håndtering av einskilde byggesaker, kan bygningsrådet krevje at det vert utarbeidt situasjonsplan for eit større område.


Situasjonsplanen skal illustre nybygget saman med plan for håndtering av uteområda. jfr. også normalvedtekt til bygningslova sin § 69.3.

- c) Garasje skal vere vist på situasjonsplan som fylger byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om den ikke skal oppførast samstundes med dette.

- d) All eksisterande vegetasjon skal best mogeleg takast vare på, og ingen må plante tre eller busker som etter bygningsrådet sitt skjøn kan vera generande for grannar og gjennbuarar, eller for den offentlege ferdsel.

- e. Alle avkørsler til offentleg veg og munning av stiar på overside av vegane skal vere oversiktlege og best mogeleg trafikksikre.

- f) Der særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet tillate unntak frå desse føresegnene, innafor råma av bygningslova og byggeføresegnene.



7.12.84.